

## «Bokutdrag: *Mannemenneske – menn om livet, sex og forhold*»

av **Brit Aksnes**

Tekstar i dette opplegget:

«Bokutdrag: *Mannemenneske – menn om livet, sex og forhold*» av Brit Aksnes

Samanlikning med «Å være feminist er det beste valget jeg har tatt i mitt liv»

Mål med opplegget: Å vekke elevanes interesse for sakprosa

- gjennom at elevane set ord på sin personlege leseoppleving
- gjennom at elevane diskuterer tema som blir tatt opp i teksten
- gjennom at elevane bruker sakprosaetekstar som inspirasjon og modell for egne tekstar

### **FØR:**

#### 1. Påstandsark

Individuelt arbeid

Del ut ark med påstandar til diskusjon (sjå ev. ark til utdeling [her](#))

Elevane skal no lese setningane og krysse av om dei er einige eller ueinige.

Be dei dessutan førebu seg på å forklare kvifor.

Påstandar:

- Å vere mann er som å vinne eit lotteri
- Venskap endrar seg når ein blir eldre
- Gutar kan snakke om jenter i timevis
- Gutar er ein eigen menneske-type
- Det sosiale er viktigare enn det faglege på skulen
- Det er greitt å spørje jenter om de har mensen viss de er i litt rar humør
- Det trengs ein eigen menninisme
- Det er betre å fokusere på seg sjølv enn å samanlikne seg med andre
- Staten kan ikkje påverke på balansen mellom kjønna

Etter det individuelle arbeidet kan elevane eventuelt få diskutere meininga i små grupper på fire elevar for å førebu kllassesamtalen i punktet under.

#### 2. Påstandar i heil klasse

Kllassesamtale

Som førebuing til lesinga kan de diskutere påstandane i heil klasse, der elevane grunngjev synspunkta sine.

Det er òg mogleg å snakke litt om følgande:

- Kva tenker de om tittelen på boka?
- Kva synest de om framsida?
- I kva grad synest de det er interessant å høyre menn snakke om «livet, sex og forhold»?

## **UNDERVEGS:**

- Finn og marker dei stadane i utdraget der påstandane dukkar opp. Legg òg merke til om det blir gjeve ei grunngjeving i teksten.
- Noter spørsmål til teksten dersom det er noko de lurar på.

## **ETTER:**

1. Samtale om påstandar etter lesing  
Klassesamtale.

Gå igjennom påstandane på nytt og spør elevane om det er nokon som har endra mening. Be elevane dele tankane sine.

- Kvifor har dei endra mening – eller kvifor ikkje?

2. Samtale om utdraget  
Klassesamtale.

Snakk deretter om utdraget og la elevane dele tankane sine.

Vi tilrår at litterære samtalar tar utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Opne og autentiske spørsmål – spørsmål der svaret ikkje er gjeve på førehand – gjer det lettare for dei å relatere litteraturen til eigen kvardag og eige liv og dermed også å engasjere seg i litteraturen.

Begynn gjerne med spørsmål som:

- Kva handla dette om? eller
- Kva skjedde her?

Dersom elevsvara blir følgde opp på ein oppmerksam og konstruktiv måte, opplever elevane at lesaropplevingane deira blir høyrde og tekne på alvor. Det kan til dømes skje ved å la samtalen bygge vidare på elevane sine svar når eit nytt spørsmål blir formulert (såkalla opptak og høg verdsetting).

Når elevane har fått høve til å formulere og diskutere leseopplevingane sine, oppmodar vi deg til å bruke teksten til å stille spørsmål som du veit vil engasjere.

I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande spørsmål inngå i diskusjonen av utdraget:

- Kva slags inntrykk får de av Adrian?

Adrian snakkar om at det er fordelar med begge kjønn.

Lag ei liste over kva slags fordelar de meiner det er ved å vere jente og kva slags fordelar det er ved å vere gut.

- I kva grad meiner Adrian at forholdet mellom kjønna er politisk?
- Er de einige?

Adrian seier at «den kjønns-ubalansen vi har» ikkje har med staten å gjere.

- Er de einige i det?
- Kva slags faktorar meiner de har betydning for balansen mellom kjønna?
- Tenker de at Adrians erfaringar berre er for gutar eller gir han uttrykk for ting som gjeld baa kjønn?
- Er det t.d. berre gutar som tek livet som det kjem eller gjeld dette for nokre jenter òg?
- Kva med utryggheta når ein sender ein snap? Trur de det er meir vanleg bland gutar?

## Lærerveiledning til Faktafyk 2019: utarbeidet av Foreningen !les

- I kva grad synest de at teksten kommuniserer med både kjønn? Kvifor/kvifor ikkje?
- Meiner de at Adrian sine tankar er typisk for gutar? Eller er dei uttrykk for ein spesiell type gutar?

Situasjonen til gutane har fått mykje merksemd i media i den seinare tida, ikkje minst korleis gutane klarar seg i skulen og etterpå.

- I kva grad meiner de at Adrian er påverka at denne debatten?
- I kva grad trur de at debatten påverkar oss når vi les utdraget?
- Korleis vil de beskrive sjangeren til utdraget frå *Mannemenneske*?

Ifølge forfattaren, Brit Aksnes, består boka av 23 intervjuar. Ho seier òg at vi skal få høyre «ei stemme som sender deira indre monolog ut i det offentlege».

- Kven meiner de fortel teksten? Og kven meiner de er sender?

Spørsmåla som Adrian svarar på er ikkje med i utdraget.

- I kva grad trur de at svara til Adrian blir påverka av spørsmåla og av settinga?
- I kva grad påverkar det korleis de forstår Adrian?

Samanlikn gjerne utdraget frå *Mannemenneske* med intervjuet med Jennifer Mathieu («Å være feminist er det beste valget jeg har tatt i mitt liv» på s.19-20 i Faktafyk).

- Kva slags likskapar og forskjellar ser de mellom dei to tekstane?
- Kva har t.d. tilhøvet mellom intervjuar og intervjuobjekt å seie for korleis de les tekstene?

### Skriveoppgåver:

#### 1. Berre gode venner

Mot slutten av teksten fortel Adrian om ei god venninne som dei andre meiner er dama hans. Skriv scenen der dei reiste på hyttetur og delta rom sett frå jentas synsvinkel.

#### 2. Spørsmål til intervju

Som nemnd er dei spørsmåla som Adrian svarar på utelatne. Skriv dei spørsmåla som du meiner at han svarar på.

#### 3. Intervju med Adriana (17)

Sjå for deg ei jente som heiter Adriane og skriv eit intervju der ho svarar som nokre av dei same spørsmåla som Adrian.

Viss du har gjort oppgåve 2, kan du la Adriana svare på desse spørsmåla. Men det er òg mogelegå berre velje eit par av temaa frå Adrian sine svar (t.d. korleis vennskapar endrar seg når ein blir eldre, risikoen for å bli hengt ut når ein snakkar med ein frå det motsette kjønn eller kor mykje utsjånaden har å seie for val av kjærast) og la Adriana fortelje om desse temaa.

#### Kompetansemål

norsk:

- delta i diskusjoner med begrunnede meninger og saklig argumentasjon
- skrive ulike typer tekster etter mønster av eksempeltekster og andre kilder
- skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og sidemål med begrunnede synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium

#### samfunnsfag:

- vise korleis hendingar kan framstillast ulikt, og drøfte korleis interesser og ideologi kan prege synet på kva som blir opplevd som fakta og sanning